

Haustfest i oktober. Førebuingsmøte på onsdag

15.08.2015



Stilig i Helgheimkjellaren når dei inviterer til Haustfest.

På årsmøtet i mars bestemte ungdomslaget at dei ville ta opp at den populære tradisjonen med haustfest etter mange års pause. Onsdag kl.18 inviterer styret til førebuingsmøte i Helgheim. Då håpar dei at mange stiller både med idéar og for å hjelpa til slik at festen kan verta ein realitet.

- Vi satsar på ein god gammaldags familiehaustfest der borna vert med på første delen, før dei vaksne svingar seg i dansen til uti dei små timer, seier Rigmor Rasmussen i ungdomslagsstyret. Ho legg til at festen vert mest mogeleg etter den leisten då desse festane var så veldig populære: eit godt og undehaldande program. deretter ei gog matøkt før det vert dans til slutt.

Vi håpar mange stiller på møtet for det hadde vore kjekt å få i gang att denne tradisjonen som i si tid var så populære både blant unge og eldre.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Svein Ove Kjerpeseth